

Trygt og godt skulemiljø

I eit godt læringsmiljø

- har elevar og lærarar gjensidig respekt for kvarandre
- har elevar og lærarar tru på at dei kan lære og utvikle seg
- tørr elevane å spørje om hjelp
- opplever elevane at lærarane vil dei vel
- blir det lagt til rette for variert og fleksibel opplæring som fremjar lærelyst

Dette er også relevant for opplæring i bedrift, der opplæringa føregår på ulike arena med fleire aktørar. Det er viktig å vere bevisst på at arbeidsfelleskap og samspel mellom lærling, instruktør og arbeidskollega er viktige forhold som påverkar læringsmiljøet



Rett til eit trygt og godt skolemiljø

Opplæringslova kap. 9 A

- Alle elevar har rett til å ha eit **trygt og godt skulemiljø** som fremjar helse, trivsel og læring.

Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.



Skulen si aktivitetsplikt

Kap. 9 A

- Alle tilsette på skulen skal:
- følgje med på at elevane har eit trygt og godt skulemiljø
- gripe inn mot krenkingar (som mobbing, vold, diskriminering og trakassering) og stoppe ein pågåande situasjon, dersom det er mogeleg
- seie ifrå til rektor ved mistanke eller kjennskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt
- undersøkje det som har skjedd
- lage ein plan og sette inn eigna/tilstrekkelege tiltak som er til eleven sitt beste (skulen skal vurdere kva som er eigna tiltak – eleven skal få uttale seg om tiltaka)
- **Dersom ein elev opplever å bli krenka av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen ei skjerpa aktivitetsplikt. Skulen skal då ta tak i det med ein gong.**



Melde saka til statsforvaltaren

Kap. 9 A

Statsforvaltaren skal finne ut om skulen har oppfylt aktivitetsplikta si, og bestemme kva skulen skal gjere for at eleven får det trygt og godt på skulen.

- **Dersom du til dømes meiner at skulen ikkje har gjort nok, kan du melde saka til statsforvaltaren.**
- Først må du ta opp saka med rektor på skulen.
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor.
- Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen du går på no.
- Er det helt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med statsforvaltaren.



Nyttige lenkjer der du finn informasjon:

- Skulen si heimeside
- <https://www.statped.no/laringsressurser/Spesialpedagogikk/nullmobbing.no/>
- <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/mobbing/>